

KYRKJEBLAD FOR ÅL



ANNLEISÅRET / HALD EI HAND / HJELP FAMILIAR I NØD / DÅP ER GLEDE OG HÅP
BISKOPENS JULEANDAKT / KAFE TID – EIN VIKTIG MØTEPlass / JULEMINNE

NR. 6 | 2020 | 61. ÅRGANG



*Et barn er født i Betlehem. Fra stall og krybbe, halm og strå åpner han blikket mot verden.
Liten, men samtidig den Største. Menneske, men samtidig Gud.
Barnet blir voksen. Går fra fødsel til død. Men fra død til oppstandelse. JESUS er hans navn.
Frelser, hans tittel. Din tro, hans lengsel. For han har elsket deg fra verdens grunnvoll ble lagt.
Denne Jesu kjærlighet er troens lovsang. Selv fjellene skal synge hans pris.*

Annleisåret

No nærmar året 2020 seg slutten. Då me nyttårseftan gjekk inn i dette nye tiåret, var det vel få, eller ingen av oss som kunne tenkje oss til kor annleis dette året skulle bli for oss alle.

Sjølv er eg nok av dei som likar å legge planar for ulike aktivitetar og arrangement, men dette er noko eg har lært at me ikkje kan i same grad no. Me må leva meir i nuet, og då er det viktig å ta ein dag om gongen. I februar dette året var eg so heldig å få vera med på eit songprosjekt om den svenske salmediktaren Lina Sandell. Ho opplevde mykje vondt og vanskeleg i livet sitt, og ho skreiv blant anna den kjente salmen «Blott en dag» (nr.489 i Salmeboka). Denne salmen viser at me ikkje skal bekymre oss for morgondagen, men prøve å gripe dagen so godt me kan.

I KYRKJEPORTEN



Av Liv Margit Sørboen

Det er mykje som er avlyst og utsett både av kulturarangement og kyrkjelege aktivitetar no, men eg fekk nett ein link på mobilen om ting som fortsatt ikkje er avlyst; slik som gåturar, musikk, telefonsamtalar, å lesa, å synge, å le og det å håpe. So lat oss fortsetja med det me kan i desse tider!



Dette vakre ikonet, med ukjent kunstnar, viser Maria og Jesusbarnet og er kjøpt i Krakow i Polen. Ikonet er i privat eige.

Foto: Roar Halvåg

– Eg gler meg til å høyre juleevangeliet og synge julesongar ute i år.

No skal me snart få feire jul att, og spanninga den siste tida har vore korleis me kan få feire denne store og viktige høgtida i kyrkjene våre. Og eg synest kyrkja her i Ål har kome fram til gode løysingar for å sikre smittevernet; påmelding/billetter til enkelte gudstenester, fleire korte gudstenester på dei ulike avdelingane på Sjukeheimen, og sist, men ikkje minst, ei stor utegudsteneste på Sundre torg juleeftan.

Eg gler meg til å høyre juleevangeliet og synge julesongar ute i år, trur det kan bli ei sterk oppleving av den glade julebodskapen om at Gud let seg føde som eit lite hjelpelaust barn, inkarnasjonen sitt mysterium.

Velkomen til å feire fine julegudstenester i kyrkjene våre! Sikkert er det at me vil hugse denne jula, og dette året 2020 som vart so annleis for oss alle.

Jula og kyrkja

Også for kyrkja blir det ei annleis jul i år. For fyrste gong blir det utegudsteneste på Sundretorget på sjølvaste juleeftan. Utegudsteneste blir det også ved Vats fjellkyrkje.

- Med gode smitteverntiltak er dette ei god ordning, meiner overlege Geir Strømmen. Inntil 200 kan møtast slik. Familiane bør stå samla som i kohortar. Og hugs: Hald avstand!

Til gudstenestene som skal vera i Torpo og Leveld kyrkjer julekvelden, må folk melda seg på via Hallingbillett. Slik kan talet på kyrkjesøkjande avgrensast, og me veit kven som kjem. Også til dei to gudstenestene i Ål kyrkje 1. juledag må interesserte melda seg på via Hallingbillett.

Sjå elles oversikt over alle gudstenestene på side 7.

Tilhøyrande born?

Har du fått brev frå kyrkja om tilhøyrande eller tilhøyrige born?

Omgrepet kan synast vanskeleg, men har ei enkel forklaring. Born som ikkje er døypte, har hittil blitt oppført som tilhøyrige (eller tilhøyrande) i Den norske kyrkje dersome ein av dei føresette er medlem. Dette har kyrkjelova hittil pålagt kyrkja å gjera. Men ved nyttår blir lova endra, og born som ikkje er døypte, blir sletta frå medlemsregisteret. Det er dåpen som gir medlemskap i kyrkja.

I fylgje kyrkjerådsleiar Kristin Gunleiksrud Raaum sender kyrkja no ut brev til 100 000 føresette som er medlemmer i kyrkja og har born under 15 år som ikkje er døypte. I brevet oppfordrar kyrkja føresette til å melda frå viss dei framleis ynskjer informasjon om

for eksempel konfirmasjonstilbodet.

Er du mellom 15 og 18 år, er du religiøst myndig og kan sjølv bli medlem i kyrkja ved å velja å la deg døypa. Eige brev er sendt ut til desse ungdommane.

Ynskjer de invitasjon til babysong, å få utdelt 4-årsboka, konfirmasjonstid eller andre aktivitetar innan trusopplæringa, gå inn på nettsida til kyrkja: www.kirken.no/ minside og registrer barnet ditt med namn og fødselsdato.

Me ynskjer alle born og unge velkomne til kyrkja. Her skal vera rom for alle!

Har du spørsmål om dette? Sjå kirken.no/ brev eller kontakt kyrkjekontoret på Sundre på telefon 3208 6161.

Av Birger Bolstad

KYRKJEBLAD FOR ÅL

REDAKSJON Birger Bolstad (redaktør) • Arne Jensen • Liv Margit Sørboen

BANKGIRO 2320.20.70272 | VIPPS 627063 | ADRESSE Postboks 140, 3571 Ål | UTGJEVAR Leveld, Torpo og Ål sokneråd

GRAFISK PRODUKSJON Kreator, Torget 6, 3570 Ål, www.kreator.no

KYRKJA I ÅL

KYRKJEKONTORET Ope tysdag–fredag kl. 08.30–14.00 | Tlf. 32 08 61 61 | aal.kyrkje@hallingnett.no | www.aal.kyrkja.no

PROST Sveinung Hansen | PROSTIPREST Arne Jensen | SOKNEPREST Vigdis Moen Storhaug | KYRKJEVERJE Kjellfred Dekko | SEKRETÆRAR Guro Stave • Elin Etterlid Tveito
KANTOR Audun Flaen | MUSIKARAR Ingunn Stræte • Håkon Tveito | DIAKON Hilde Kirkebøen | KYRKJELYDSPEDAGOG Kristine Giljebrekke Andersen | REINHOLDAR Rezene Habtom
KYRKJETENARAR Håkon Tveito • Lars Monrad Vaage • Morten Storhaug | SOKNERÅDSLEIAR Einar Brattegard | FELLESRÅDSLEIAR Torfinn Slåtto

Hald ei hand

"Kom Jesus lys din fred på jord, for verdi fer i ville".

Dette er ein fredssalme skreven under fyrste verdskrig av salmediktaren Ivar Birkeland Aartun. Ingebjørg Bratland syng orda så vart og samstundes så kraftfullt.

På vegen gjennom livet er det fort å gå seg vill, og me gjer det kvar og ein

– Ta skjebnen til ein annan i di hand!



i tankar, ord eller handling. Nyheitene har berørt hjarta våre ekstra hardt, med alle borna som lir under kulde, likegyldigheit og utan vern. Kvar skal vegen gå vidare?

Dei har gått seg vill der ute!
Og medan dei sit der i ingenmanns-land, "herjar striden ille", for dei mektige har nok med sin eigen velstand.

Kor viktig er det ikkje å vende blikket utover? Hjelpa seg sjølv ved å hjelpa andre! Føla gleda ved å vera verdifull for eit anna menneske. Våga å gripa ei anna hand og gå vegen i lag.

Kanskje ligg skjebnen til ein annan akkurat i dine hender! Gjer ditt beste! Ver ditt beste!

*Kjære Jesus Kristus,
vår Herre!
Det er fint å ha nokon
som minner oss om leia.
Me treng å verta minna
på at det finst noko
større enn oss sjølve.*

*Takk for at du er hjå
meg, takk for at eg får
vera hjå deg!
Velsign oss Herre, for me fer i ville,
ta handa mi og leid meg på rett veg!*

Gjev dei som treng det landero og folkefred.

Måtte framtida verta lys både for deg og meg, og verda verta god å leva i for oss alle. Ta skjebnen til ein annan i di hand!

**GOD OG FREDFULL JUL
TIL OSS ALLE!**

• • • • •
ANDAKT



Av Siv Sylvarnes

Hjelp familiar i nød

Kirkens Nødhjelp oppmodar alle: DU kan vera med å hjelpa familiar i nød og gi dei ei tryggare jul. Saman kan vi gjera ein forskjell.

Kirkens Nødhjelp har arbeidd i Libanon sidan 2013 og kjempar for å forhindra spreiding av covid-19 i tillegg til å arbeida mot svolt, kulde og fattigdom. Eksplosjonen i Beirut har gjort fleire tusen heimlause og øydelagt mange liv.

-Vi sørgjer for reint vatn og hygiene-pakkar til menneske på flukt, og hjelper dei som er ramma av eksplosjonen med varm mat og husly.

Mange treng også varme teppe som Kirkens Nødhjelp deler ut i Libanon. Kirkens Nødhjelp er norske kyrkje-lydars eigen humanitære organisasjon, På grunn av krig i nabolandet Syria har Libanon sidan 2011 opplevd ein massestraum av flyktningar. Det har ført til ein

folkeauke på 25 prosent og eit enormt press på infrastruktur som vatn, renovasjon, elektrisitet, og press på offentlege tenester som helse og utdanning.

Ifølgje Lebanon Crisis Response Plan (LCRP) 2019 manglar vel 3,2 millionar menneske tilgang på trygt vatn. Dette er ein alvorleg helserisiko.

Slik gir du årets viktigaste julegåve:

- **Vipps ein valfri sum til 2426.**
- **Send GAVE på sms til 2426 og gi 250 kroner.**
- **Gåvekonto: 1594.22.87248**

Vi minner om at fasteaksjonen i 2021 er 23. mars.



Mamma Weedad Ahmad Al-Khalaf i flyktningleiren i Bekaadalen i Libanon, saman med dottera Talia på eitt år. Familien flykta frå Syria for 8 år sidan. Tre av borna hennar er fødte i flyktningleiren. Dei bur i telt og kvir seg til den lange og kalde vinteren.

Foto: João Sousa, Kirkens Nødhjelp

Dåp er glede og håp

Eit nytt barn kjem til jorda. For eit under! Eit nytt familiemedlem. Eit skjært lite menneske med eit heilt liv og ei heil verd framom seg. Barnet er ei gåve! Livet er ei gåve!

Av Sveinung Hansen, Vigdis Moen Storhaug og Birger Bolstad

For mange handlar dåpen om tradisjonar, gode minne, å skapa ein dag for familien der barnet er midtpunktet. Dåpen er samstundes innleiinga til eit liv som truende. Dåpsvatn og dåpsløfta formidlar Guds nåde og kjærleik. Dåpen gir glede og håp.

Tre familiar som har døypt borna sine i haust, er intervjuar her i kyrkjebladet. Sokneprest Vigdis Moen Storhaug har snakka med foreldra til vesle Alma i Ål kyrkje, og prost Sveinung Hansen sendte skriftlege spørsmål og fekk svar frå foreldra til dåpsbarna Birgit og Tuva i Leveld.

Familiane fekk desse spørsmåla:

1. **Kvifor ønskjer de at barnet skal døypast?**
2. **Har koronasituasjonen gjort det vanskeleg å planleggja dåpen? Og eventuelt korleis?**
3. **Kva synest de om å ha dåp i ei eiga dåpsgudsteneste?**

Her er svara:



Dåpsbarna Birgit og Tuva saman med familie og prest i Leveld kyrkje 4. oktober. Frå venstre: Erlend Medgard (far), Birgit Oleivsgard Medgard (dåpsbarn), Trym Oleivsgard Gudbrandsgard (bror), Sveinung Hansen (prest), Sevat Oleivsgard Medgard (bror), Synnøve Oleivsgard (mor), Marianne Sørbøen (mor), Åsne Veslegard (søster), Tuva Veslegard (dåpsbarn), Harald Veslegard (far).

Foto: Britt Solveig Spilde

Dåpen til Birgit

Foreldre: Synnøve Oleivsgard og Erlend Medgard

1: *For oss handlar dåpen om ein fin tradisjon. Me er begge døypte, og det var naturleg for oss å døype ungane også. Dessuten er det jo ei fin mogelegheit til å samle familien til ein fest for barnet.*

2: *Det har ikkje vore spesielt vanskeleg å planlegge. Men ein set jo ein dato, og inviterer gjester. Så veit ein*

jo aldri heilt om ein får gjennomført, eller om ein må utsette.

3: *Å ha dåpen i eiga dåpsgudsteneste synes eg var veldig fint. Det vart veldig nært og fint med kun familie og vener. I vår familie er det mange små ungar, og at det var 30 minutt i kyrkja var supert for dei. Dei rakk ikkje begynne å kjede seg.*

I tillegg skapar det mindre stress for dåpsbarn og foreldre med tanke på mat og søvn som skal klaffe på ein liten kropp.

Dåpen til Tuva

Foreldre: Marianne Sørbøen og Harald Veslegard

1: *Dåp er for oss ei flott feiring av barnet, både som ein velkomst inn i kyrkja, og som ei familiehending. Å bere barn til dåpen er også ein tradisjon i begge våre familiar, og vi synest det er fint å kunne halde på denne tradisjonen.*

2: *Vi vil ikkje seie vanskeleg, men absolutt annleis. Vi utsette å planlegge dåpen i fleire månader medan vi venta på at situasjonen kring koronapandemien skulle stabilisere seg. Då vi fyrst byrja planlegginga, var særleg smittevern med tanke på festen etterpå noko vi måtte ta på alvor, så det vart litt meir styrete enn før pandemien.*

3: *Dåp i eiga gudsteneste var utruleg fint! Det kjendest meir intimt og på eit sett meir høgtideleg når det berre var familie og kjentfolk i kyrkja.*



Dåpsbarnet Alma Blakkisrud Moland saman med foreldra sine Anette Blakkisrud og Vegard Torgersen Moland i Ål kyrkje 20. september..

Foto: Vigdis Moen Storhaug

Dåpen til Alma

Foreldre: Anette Blakkisrud og Vegard Torgersen Moland

1: *Det er norsk tradisjon, og alle i familien vår er døypte. Og her skyt mormor inn: – Vi ønskjer at Jesus skal passe på Alma!*

2: *Det har hatt litt å seia i forhold til planlegginga. Nokon i familien er i risikogrupper, så det har prega førebuingane litt. Samtidig veit ein jo aldri når ein planlegg om nokon kan bli smitta i mellomtida. Det har vore eit stort spørsmålsteikn ved dåpsdagen heilt fram til i dag. Heldigvis kunne alle dei inviterte koma. Bortsett frå dei to som ikkje kunne koma uansett.*

3: *Det var greit. Det var ei bra løysing å gjera det på denne måten. Det vart intimt og fint. Så sleppte ein også å avvisa nokon viss det kom fleire til dåpen og gudstenesta enn det talet som er tillate.*

Det utenkjelege mysteriet i trua!

Av biskop Jan Otto Myrseth

Eit nyfødd barn, fødd av ei ugift kvinne, i ein fjern liten by i eit fjernt lite land. 33 år seinare døydde han som ein forbrytar på krossen som likemann med to mordarar. Fødselen til dette mennesket vert feira av millionar over heile verda, frå polhava til ekvator. Julesalmar brusar på alle tungemål.

Augustus, Kvirinius og Tiberius er døde namn, men namnet Jesus lever, vert elska og tilbedt over heile jorda.

Korleis kan dette uforklarlege forklarast? Mellom fødselen i Betlehem og døden på Golgata ligg eit kort liv på 33 år utan nokon av dei bragder som elles gjer eit menneske namngjeten. Jesus var ikkje ein stor hærførar, ikkje ein genial oppfinnar eller stor forfattar. Det einaste han skreiv var ei linje – og det attpåtil i sand.

Alt det som gjer eit namn stort i auga til menneske, mangla Jesus. Og likevel strålar namnet hans over alle andre namn. Korleis kan ein forklare det?

Vi kan ikkje forstå det om vi ikkje opnar opp for den dimensjonen som Bibelen fortel om: Tømmermannen frå Nasaret er ingen ringare enn Gud sjølv! Det lille barnet i krubba er han som alt er blitt til ved. Han er frå opphavet, han er skaparen og herren over heile universet. Av kjærleik til det skapte valde han å bli menneske, han vart ein av oss, han tok på seg menneskeleg natur. Det var ikkje i Roma eller Aten eller Babylon han dukka opp, men i den tarvelege, støvete, lille byen Betlehem. Han gav avkall på sitt eige, tok ein tenars skapnad og vart menneske lik.

Julas rette tone finn vi i undringa og meditasjonen og lovsongen.

Jesus vaks opp i anonymitet i ein snekkarfamilie. Han var ikkje ein skriftlærd eller ein rabbi, men ein lekmann, ein heilt alminneleg jødisk mann. Som trettiåring tok han til å forkynne og det på ein måte som vekte åtgaum. Han tala med ein autoritet og på ein måte som røpa at han faktisk var Gud. Det han sa og gjorde gav trøyst til dei nedtrykte og von til dei fattige, medan det vekte uro hjå maktthavarane og forstyrtra den alminnelege ro og orden.

Etter oppveksten i Nasaret stod Jesus fram som trettiåring og forkynnte at Guds rike var nær. Sjølv om han ikkje etterlot seg eigne skrifter, held historia fram gjennom dei augevitna som vandra saman med han. Denne historia held fram heilt til vår tid, og på ulike måtar vert våre forteljingar og våre liv knytte saman med han.

Denne forteljinga om Gud som vart menneske og som lever hjå oss, er det store mysteriet i trua. Julas rette tone finn vi i undringa og meditasjonen og lovsongen som blandar seg med koret av englar på Betlehemsmarka. Lat oss bøye oss for mysteriet og tilbe han som er Gud frå æva, og som har openberra seg i tida.

Frå han og ved han og til han er alle ting! All ære til Han i både tid og æve.



Foto: Henrik Guili-Larsen



Bak disken på Kafe Tid: Anita Bahati frå Kongo (til venstre) og Kisanet Tesfazghi Kokobe frå Eritrea. Her saman med Silje Landsmann Wiwe som er ansvarleg for flyktingetenesta og vaksenopplæringa i Ål. Foto: Birger Bolstad

KAFE TID: Ein viktig møteplass

- Kafe Tid har vore som ein fødsel for oss, seier Hilde Kirkebøen, diakonen, og Ingunn Solberg Skalle, den daglege leiaren.

Av Birger Bolstad

Kafe Tid på Sundre er ein alminneleg og annsleis kafe. Alle som kjem innom her, blir slått av det særmerkte interiøret: Bord, stolar, bilete på veggen, blomar, ei lita scene (som stundom er i bruk). I andre delen av lokalet er ein liten landhandel med blant anna sal av lokalprodusert mat. Og bak sjølve kafedisken finn me den dagen som Kyrkjebladet er her, to blide jenter

som har både arbeidspraksis og språktrening på Kafe Tid.

Språk og arbeid

Det var på eit føremiddagsmøte på kafeen fyrst i september at ansvarleg for flyktingetenesta og vaksenopplæringa i Ål kommune, Silje Landsmann Wiwe, presenterte sitt arbeid blant flyktingar og innvandrarar. I 2019 tok Ål mot 17 personar, og for 2020 er vedtaket å

busetja 10 flyktingar. For Landsmann Wiwe handlar arbeidet om å inkludera dei som har kome hit, det handlar om å få ein kvardag til å fungera for våre nye sambygdingar.

Ho hadde med seg dei to innvandrarentene Anita Bahati frå Kongo og Kisanet Tesfazghi Kokobe frå Eritrea. Jentene sprudla over av glede då dei snakka om den arbeids- og språkpraksis dei får på, nettopp, Kafe Tid. Her har dei ein arena der dei lærer om norsk arbeidsliv, det gjeld både formelle og uformelle reglar. Og dei får god språktrening. Dette er integrering i praksis!

Glade eldsjeler

Det er derfor ikkje rart at dei er glade i dag, dei to eldsjelene bak Kafe Tid, Hilde og Ingunn. Jo, det har vore ein trong fødsel. Men etter ein svært krevjande og vanskeleg økonomisk periode vart Kafe Tid 1. mai 2020 gjort om til ein stiftelse, eller rettare sagt: Her er formelt ein skuledel, Tid skole, som ligg under Tid stiftelse, og ein forretningsdel, Tid kafe & landhandel AS. Kafe Tid har eit klårt diakonalt ankerfeste og er eit samarbeidsprosjekt mellom friviljug og offentlig sektor, samt lokalt næringsliv.

Denne nyskapande og spennande kafeen bidreg sanneleg til å styrka det fleirkulturelle og sosiale livet i bygda!



Dei to eldsjelene bak Kafe Tid: Diakon Hilde Kirkebøen (til venstre) og dagleg leiar Ingunn Solberg Skalle. Foto: Steinar Saghaug

Julefeiring på TID

Også i år blir det julefeiring på TID kafe & landhandel kl. 17-22 på juleaften, for alle som vil, store som små. Og 1. juledag blir det brønsj kl 13.30. Inngangspengar: 50 kr kvar dag. Smitteverntiltak.

Ta gjerne kontakt om du kan vera med som friviljug (før, under eller etter samlingane).

Påmelding innan 16. desember til Kyrjekontoret tlf. 3208 6161 eller diakon tlf: 4045 5783.

Velkomen!



VI GÅR I KYRKJA

DESEMBER

13.12.2020 Luk 3,7-18
Torpo kyrkje 11.00

16.12.2020 Luk 3,7-18
Ål kyrkje 18.30

20.12.2020 Luk 1,39-45
Ål kyrkje 11.00

24.12.2020 Luk 2,1-20
Kårstugu 12.00
Utegudst. Vats fjellkyrkje 13.00
Torpo kyrkje 14.30
Leveld kyrkje 14.30
Torpo kyrkje 16.00
Utegudst. Sundre Torg 16.00
Leveld kyrkje 16.00

25.12.2020 Joh 1,1-14
Ål kyrkje 11.00 og 13.00

26.12.2020 Matt 10,16-22
Leveld kyrkje 19.00

31.12.2020 Joh 14,27
Ål kyrkje 17.00

50-årskonfirmantar

Korona-pandemien har dessverre hindra feiring av 50-årskonfirmantane våre. Soknerådet hadde fastsett datoar for våren 2021 for både 1970-kullet og 1971-kullet. Men ny smitteoppblomstring har utsett planleggjinga enda ein gong.
– Men me vil prøva å få til begge jubileia i løpet av 2021 om smittesituasjonen tillet det, seier soknerådsleiar Einar Brattegard.

Open Ål kyrkje

Tysdag – fredag klokka 10-14.
Onsdagar også kl. 19 - 21
Kort kveldsmesse kl. 18.30 – 19.00
kvar onsdag i adventstida.

Tru og lys

Måndag 25. januar: I kyrkjestugu
kl. 17–19. Hilde Kirkebøen

Velsigna julehøgtid til alle!

JANUAR

03.01.2021 Luk 2,40-52
Torpo kyrkje 11.00

10.01.2021 Mark 1,3-11
Leveld kyrkje 11.00

17.01.2021 Joh 4,4-26
Ål kyrkje 11.00

24.01.2021 Joh 9,1-7.35b-38
Torpo kyrkje 11.00

31.01.2021 Mark 4,26-34
Ål kyrkje 11.00

FEBRUAR

07.02.2021 Mark 9,2-13
Leveld kyrkje 11.00
Ål kyrkje 17.00

14.02.2021 Joh 12,20-33
Torpo kyrkje 11.00

17.02.2021 Matt 12,38-42
Ål kyrkje 18.30

21.02.2021 Matt 16,21-23
Ål kyrkje 11.00

Meir informasjon om
julegudstenestene: Sjå side 2.

Kyrkjeblad for Ål har fått
eige VIPPS-nummer:

627063

Takk for all støtte!



Kirkens SOS: 22 40 00 40

(landsnr.)

DÅP

Ål
20.09 Alma Blakkisrud Moland
27.09 Ruby Aa Kogan
11.10 Ludvik Holm Tveito
11.10 Selma Dalskog Grøgard

Leveld
04.10 Tuva Veslegard
04.10 Birgit Oleivsgard Medgard

DØDE

Ål
12.07 Trygve L. Sataslåtten f. 1928
24.09 Sigurd Malvin Hansen f. 1932
13.10 Anna Kirkedelen f. 1935

Torpo
29.09 Oddbjørg Sire f. 1948
15.10 Ivar H. Helling f. 1925

Formiddagstreff

ÅL KYRKJESTUGU KL. 11-13

Onsdag 6.januar:

Tema: Lars Monrad Vaage:
Historier om prost Monrad. Familiememoarar.
Andakt: Vigdis Moen Storhaug

Onsdag 3.februar:

Tema: Knut Oleivsgard: Farbror Otto sin jaktur på Reineskarvet under krigen. Andakt: Arne Jensen

Onsdag 3.mars:

Tema: Eldgrim Springgard om Gro Gudmundsrud
Andakt: Arne Jensen

VATS BEDEHUS, NORDBYGDENE:

27. januar kl. 12 -14:

Tema og andakt v/ Jan Olav Skinnemoen

For meir info; www.aal.kyrkja.no
og annonse i Hallingdølen



Samtaler for par, familier og enkeltpersonar.
Kommunikasjon, konfliktløysing,
foreldrerettlegg, meklings m.m.
Tilbodet er gratis

Tlf. 32 12 33 44

www.familievern.no • www.bufetat.no



Thor Warberg (68) vaks opp i Kvinnegardslia og har vore bonde her. Han er no lokalhistorikar og forfattar og busett på Sundre.

Juleminne

Av Thor Warberg

Barndomsjula sit djupt i minnet

Då alle sauene var komne heim, og snøen hadde lagt seg, då begynte arbeid og tankar å sikte seg inn mot jula. På gamalt vis vart dette eit oppløp med stor eigen-innsats. For oss som vaks opp på 50-talet, så sat ikkje pengane så laust som i dag. Men gleda var like stor over kvar julepresang.

Mørkret låg som eit teppe over desember, – på veg til skulebus-sen om morgonen. Og jammen mørkna det på heimvegen og. Det var lange, gode kveldar den tida me ikkje hadde TV! Men det dura i vedommen, og så var det radioen som spreidde opplysning og underhaldning!

Matstellet kravde mykje omtanke. Etter slaktinga vart sumt av kjøtet male opp og hermetisert som kjøtkaker på Norges-glas. Jamvel talgen vart kokt til såpe, men slik såpe hadde ei spesiell lukt. I kjellaren var lagra potet og gulrot, og nokre leirkrukker med rørte tyttebær! Men no var lange dagar i bærskogen gløymt, no gjekk det mot jul.

Tjørekkrossane

Eg undra meg over ein tjørekkross over ei dør borti det gamle loftet. Dei vaksne fortalde at i gamal tid brukte gardens folk å måle kross over døra til rom der mat var lagra, og i fjøset var det krossar over kvar bås. I gamal tid skulle krossane verna mat, folk og dyr i fall vetene skulle bli nærsøkne! I bygdeboka var det greidd ut korleis folk tenkte om slikt i gamal tid. Der fann eg forvitneleg lesnad om tussar og troll. Mykje overtru kom av vinternatta og alt som kvarv bort då dagslyset bleikna.

Og eg knytte band til det årlege juleheftet «Tuss og troll» – eventyr meisterleg skildra og teikna av Solveig Muren Sanden.

Forventningane steig

Bøker høyrde mørketida til. På grendehuset midt borti bygda var ei skulebok-samling med mange gode barnebøker. På veg dit knirka snøen under støvlane, og stjernene lyste medan me prata om Orion og Karlsvogna der oppe på kveldshimmelen.

Desember var ein månad med mange hemmelege gäveprosjekt. Saman med mine to yngre sysken vart det mykje slikt. Dei vaksne hadde og sine løyndomar, mykje var laga og noko innkjøpt!

Så kom juleavslutninga på skulen. Også heime vart det innspurt! Det vart familiedugnad kring langbordet, – sylvtøyet skulle pussast og marsipan og julepynt skulle lagast. Det vart fletting av hjerter og lange lekkjer med girlander. Jamvel reklamenissane i Hallingdølen vart klypte ut og limte inn i ei høveleg bok. Dei vaksne brygga tomtebrygg til jul. Forventningane steig, dag for dag.

Blanke barneauge

Endeleg kom dagen. Juletreet vart pynta! Med levande lys festa til greinene. Og lekkjer med norske flagg. Eg tok meg ei øykt i vedaskålen frå morgonen. Hadde lese at øksa skulle kvile i stabben juledagane, best å ha kløyvd opp ein fin haug med ved. Og i låven var der gøymt fint småfôr frå stølen, sauene skulle ha god julemat! Etter ein grundig skrubb på badet kom finkleda på. Bordet var dekkja, og



Illustrasjonsfoto: Birger Bolstad

så ringde jula inn. Blanke barneauge blenkte om kapp med stearinlysa då julemiddagen kom på bordet. Og under treet venta julegävene ...

Seinare i livet var det ein ny ungeflokk som skulle gjennom ventinga, hemmelegheitene og pyntinga og juleståket på garden. Eg tykte det var fint å kunne bringe vidare tradisjonane. Om enn i nyare form. Og med bil så kunne ein etterkvart få med messa i kyrkja og. Det var ikkje mogleg i min barndom.

Men stopp litt!

Har ikkje jula fare litt ille i seinare tid? Kva har reklamen gjort med jula? Eg «laga» meg ein gong ein slags julekontroll for moro skuld. Men fekk den aldri til å virke, – kanskje det var det beste!



Ein litt spesiell fjernkontroll. Kva har reklamen gjort med jula, spør Thor Warberg. Men denne julekontrollen fekk han aldri til å virke ...